



Storfornøgde uskedelinger i Skarverennet.

**Det er over 20 uskedelinger har delteke i det tradisjonsrike Skarverennet i dag. Saman med desse var også så godt som heile den norske langrennseliten med, i tillegg til svært mange internasjonale storløparar. Det vert meldt om at det var ein fantastisk dag i løypa i det strålende veret.**

Skarverennet går frå Finse til Ustaoset og er 37 km langt. Det er også mogeleg å gå trimklasse. Der går løypa frå Haugastøl til Ustaoset og er vel 25 km lang. Det er blitt ein tradisjon at mange kvinnheringar deltar i Skarverennet. Ein del av uskedelingane har erfaring frå mange år, medan andre debuterte i dag.

Etter søk i resultatlistene har vi funne 21 deltakarar her frå bygda, men truleg var det nokre fleire. Dei vi fann var: Ingebjørg Haugland, Hildegunn Klette Hansen, Jonny Hansen, Odd Steinar Arnesen, Sara H. Arnesen, Walborg Sjøwall, Endre Eidsvik, Geir Enes, Elin Enes, Jan A. Berntsen, Klara Bakke, Kjell Yri, Mona Enes, Gørill S. Eik, Janne Hjelmeland, Arvid Hjelmeland, Konstanse Tveit, Oddmund Soldal, Michael Røsland, Janne Yri og Line Soltveit Taranger. Konstanse Tveit var truleg eldste uskedeling. Ho vert 67 år i juni. Sprekt levert både av ho og av dei andre.

Toni Livers frå Sveits vann herreklassen føre Martin Johnsrud Sundby og Chris Jespersen, medan Therese Johaug vann dameklassen føre Serina Bonner frå Sveits og Ingvild Flugstad Østberg med Marit Bjørgen på 4.plass.

Både eliteløparar og alle andre hadde ei uforgløyemeleg oppleving.



Fantastiske forhold under Skarverennet

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Elin Enes.